



# Verdiar frå havet – Noregs framtid



FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET



## **Innhald**

<b>Verdiar frå havet</b>	<b>4</b>
<b>Berekraftig forvaltning</b>	<b>6</b>
<b>Kystforvaltninga</b>	<b>9</b>
<b>Med heile verda som marknad</b>	<b>12</b>
<b>Forsking og nyskaping</b>	<b>14</b>
<b>Etatar og institusjonar knytte til departementet</b>	<b>16</b>

**Noreg er ein stor havnasjon, og norsk velstand er langt på veg bygd på næringer med tilknyting til havet, som fiskeri og havbruk, skipsbygging, skipsfart og petroleumsverksemd.**

Fiskeri- og havbruksnæringa er ei av dei viktigaste eksportnæringane våre. Meir enn 90 prosent av sjømaten vi produserer går til kundar i over 150 land.


Dei fleste fiskebestandane vi haustar av, forvaltar vi saman med andre land, og Noreg har eit godt forvaltingssamarbeid med desse landa. Fremste samarbeidspartnerane våre er EU og Russland.

Forsking og overvaking legg eit viktig grunnlag for forvaltning av havet, og den marine forskinga i Noreg er verdsleiane. Det gjeld både forsking som fremmar næringsutvikling og helse- og ernæringsforskning.

Hamner og sjøtransport står sentralt i det norske transportsystemet. Sjøtransport er miljøvennleg og tek traffik bort frå vegane. Fiskeri- og kystdepartementet har ansvar for farleiene på sjøen, fyr, merke, losteneste, elektronisk navigasjon og statleg beredskap mot akutt forureining.

Fiskeri- og kystdepartementet har ansvaret for at Noreg driv ei berekraftig og lønsam forvaltning av havet. Vi legg også føringar som påverkar næringsverksemd, sysselsetjing og busetjing langs kysten.

*Organiseringa av Fiskeri- og kystdepartementet*



## Havressurs- og kystavdelinga

Avdelinga er ansvarleg for beredskap mot akutt forureining, sjøtryggleik og forvaltning av dei levande marine ressursane. Avdelinga har også fagansvaret for fiskesalslaga og førstehandsomsetninga av fisk, økonomiske forhold i fiskeflåten og utfordringane knytte til strukturen i fangstleddet. Havressurs- og kystavdelinga har difor ansvaret for iverksetjing av ny hamne- og farvatnslov, gjennomføring av ny havressurslov og oppfølging av loslova, deltakarlova og råfisklova.

Den nasjonale forvaltninga av førebyggjande sjøtryggleik, medrekna trafikkcentralar og slepebåtkapasitet, seglingsleier og utvikling av farleissystem og ein farleisnormal, fyr og merke og lostenesta høyrer til avdelinga. Det same gjer den nasjonale forvaltninga av deltakinga i og utøvinga av fisket og internasjonale spørsmål knytte til global og regional ressursforvalting.

Havressurs- og kystavdelinga er koordinerande avdeling for kyst- og havmiljøspørsmål, forvaltningsplanar, forholdet mellom fiskeria og anna verksemnd, FNs sjøfartsorganisasjon IMO, og sjøtryggleik, oljevernberedskap og andre havmiljøspørsmål på Svalbard.

## Avdeling for havbruk, sjømat og marknad

Avdelinga arbeider med tilrettelegging og forvaltning av havbruksnæringa etter akyakulturlova og havbeitelova. Avdelinga arbeider med å sikre trygg sjømat «frå fjord til bord», regelverk og sjømattilsyn gjennom heile produksjonskjeden, medrekna fiskefør og -helse. Eit viktig ansvarsområde for avdelinga er marknadsinngang globalt (WTO), europeisk (EU/EØS) og bilateralt. Avdelinga skal også vere ein bidragsytar i arbeidet for auka verdiskaping basert på marint råstoff, medrekna forvaltning av Eksportutvalet for fisk AS.

## Forskins- og innovasjonsavdelinga

Avdelinga arbeider med forskings- og innovasjonspolitikk, regionalpolitikk og hamne- og sjøtransportspolitikk, medrekna Nasjonal transportplan.



Avdelinga har ansvar for statsbudsjettarbeidet, revisjonssaker, økonomistyring, tilskotforvaltning og mål- og resultatstyring.

Avdelinga har vidare ansvar for etatsstyring av Fiskeridirektoratet, Kystverket, Havforskingsinstituttet, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning, Veterinærinstituttet og Fiskeri- og havbruksnæringas forskingsfond og eigarstyring av NOFIMA AS og Eksportutvalet for fisk AS.

Avdelinga følgjer opp nordisk samarbeid og bistands-saker og har dessutan ansvar for finansiering og drift av infrastrukturen på Jan Mayen.

## Avdeling for nordområda og internasjonalt maritimt samarbeid

Avdelinga har ansvar for nasjonalt og internasjonalt arbeid og utvikling innanfor elektronisk navigasjon, sjøtryggleik, trafikkovervaking og meldings- og informasjonssystem. Avdelinga arbeider med EUs transportpolitikk, EUs maritime politikk, sjøtransport og hamner knytt til utviklinga av nasjonale og internasjonale transportkorridorer og hamnesikring/terrorberedskap. Avdelinga har også ansvar for departementet sitt arbeid med nordområda, Arktisk Råd og Polarutvalet.

# Berekraftig forvaltning

**Produktive marine økosystem og eit  
reint hav er grunnleggjande føresetnader  
for marin verdiskaping både i fiske og  
havbruk.**

## Ressursforvaltning

Fiske og fangst har alltid vore eit viktig grunnlag for busetjing i Noreg. Kyst- og havområda våre er høgproduktive med rike fiskeførekomstar. Allereie på 1100-talet blei tørrfisk ei viktig eksportvare. I hundreåra som følgde, har fiske, fisketilverking og eksport av fisk vore hovudnæringar langs store delar av norskekysten. Dei siste tiåra har den norske fiskenaeringa utvikla seg frå fritt fiske til ei regulert næring med kvotar og konsesjonar. Den teknologiske revolusjonen i etterkrigstida har skapt ein så effektiv fiskeflåte at strenge reguleringar er nødvendige for å hindre rovdrift på ressursane. Norske og utanlandske havforskjarar sine tilrådingar utgjer det viktigaste vedtaksgrunnlaget når kvotane for fisket skal fastsetjast.

Den norske fiskeflåten er regulert gjennom krav om ulike løyve for å delta i ulike fiskeri og gjennom kvote-reguleringar i dei fiskeria der dette er nødvendig. Slike ordningar sikrar eit berekraftig fiske, både i biologisk og økonomisk forstand. I tillegg har fiskeriforvaltninga og fiskerinaeringa i ei årrekke samarbeidd om å utvikle former for kvoteordningar som skal vere med å redusere talet på fiskefartøy, få ned overkapasiteten, legge til rette for fornying og sikre at arbeidsplassane i næringa er gode og trygge. Sjølv om det er variasjonar mellom ulike fartøygrupper, betyr dette at norsk fiskerinaering i dag driv på ein trygg økonomisk måte.

I tillegg til slike innsats- og uttaksreguleringar er den norske ressursforvaltninga basert på eit omfattande teknisk regelverk som skal sikre eit berekraftig fiske-mønster innanfor dei råd havforskjarane gir. Fiskeriforvaltninga driv også eit mangsidig kontrollarbeid saman med Kystvakta og fiskesalslaga for å sjå til og dokumentere at regelverket blir halde, både av norske fiskefartøy og av utanlandske fartøy som fiskar i norske jurisdiksjonsområde.





Noreg og EU har ulike regime for forvaltning av fiskeria. Noreg har eit utkastforbod som gjer at fisk som blir teken opp av havet, må bringast på land. EU har derimot eit utkastpåbod. Påboden inneber at den fisken ein EU-fiskar fangar, men ikkje har kvote på – eller som er under den lovlege minstestorleiken – må kastast over bord. Utkast av fisk var den viktigaste saka under forhandlingane for 2009. Eit viktig gjennombrot er at Noreg og EU no har blitt einige om ei rekkje tiltak for å redusere utkast av fisk, og at FN har vedteke å setje i gang eit arbeid med det same målet.

Noreg deltek i eit omfattande internasjonalt arbeid for å sikre kontroll med alt fiske og med all fisk som blir landa i hamner rundt om i verda. Dette fremmar berekraftig fiske og like konkurranseforhold i den internasjonale marknaden. Kampen mot ulovleg, uregulert og uregistrert fiske er høgt prioritert, og har gitt resultat i Barentshavet der omfanget av det ulovlege fisket er redusert dei siste åra.

### **Internasjonalt samarbeid**

Noreg er ein betydeleg havnasjon, og den internasjonale utviklinga har mykje å seie for oss. Samtidig har vi også eit ansvar for å trygge interessene våre interna-

sjonalt. Utfordringane består mellom anna i å få gjennomslag for føre-var-prinsippet, prinsippa om berekraftig bruk og ei økosystembasert forvaltning.

Heile 90 prosent av det norske fisket føregår på bestandar som vi deler med andre statar. Dette er hovudårsaka til at Noreg har fiskeriavtalar med EU, Russland, Færøyane, Island og Grønland. Vi fører årlege forhandlingar om kvotar for dei ulike fiskeartane og om reglar for gjennomføring av fisket. Avtalane fastset og regulerer også kor mykje av kvotane det enkelte land kan fiske i sonene til dei andre involverte landa. Den norske delen av totalkvotane blir delt mellom dei ulike fartøygruppene våre, og ofte slik at kvart fartøy får ein fast kvote for det kommande året.

Rammeverket for internasjonalt samarbeid om havspørsmål ligg til FNs havrettsskonvensjon. Denne konvensjonen og FNs avtale om fiske på det opne havet tilviser korleis statane skal opptre for å bevare det marine biologiske mangfaldet. Det er årlege debattar i FNs generalforsamling om havmiljø og fiskerispørsmål som mellom anna gir oppdrag til FNs matvareorganisasjon FAO. FAO har ei normativ rolle for fiskeria, og har utvikla åtferdskodeks for ansvarleg fiske og retnings-



linjer for djuphavsfiske. Marine spørsmål blir også drøfta innanfor globale miljøavtalar som til dømes CBD – Konvensjonen om biologisk mangfald og CITES – Avtalen om handel med trua dyreartar.

Regionalt blir det lagt direkte føringar for norske fiskeri gjennom vedtak og reguleringar i dei regionale fiskeri-forvaltningsorganisasjonane, mellom anna i den nærmeste organisasjonen vår i Nordaust-Atlanteren, NEAFC. I tillegg har konvensjonen om bevaring av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren, OSPAR, eit generelt havmiljøansvar.

## Havbruk

Havbruk har blitt ei verdfull næring for Noreg. Meir enn halvparten av den samla norske eksporten av sjømat kjem no frå havbruksnæringa. Laks og aure er dei sentrale oppdrettsartane våre, men det blir også arbeidd med oppdrett av andre artar som torsk og skjell. Den norske havbruksnæringa er godt spreidd langs heile kysten, frå Agder i sør til Finnmark i nord.

For å drive med havbruk må ein ha løyve frå styresmaktene, og Fiskeri- og kystdepartementet fastset rammevilkår for utviklinga av havbruk i Noreg. Miljøomsyn og arbeid med fiskehelse og fiskevelferd har høg priorititet. Styresmaktene vil sikre at sjukdom i oppdrett ikkje påverkar villfisken, og at mest mogleg av oppdrettsfisken veks opp med minst mogleg bruk av medisin. Mattilsynet har det operative ansvaret for å gjennomføre offentlege tiltak mot fiskesjukdommar.

## Konkurranse om kystsona

For fiskeri- og havbruksnæringa er det eit grunnlegjande vilkår å ha tilgang til areal. I kystsona er areal etter kvart blitt ein avgrensa ressurs som må disponerast med utgangspunkt i langsiktige og berekraftige strategiar. Det må skje slik at det legg eit best mogleg grunnlag for vekst og verdiskaping både lokalt og nasjonalt. Også ute i havet har vi fått mange konkurrerande brukargrupper som til dømes fiske, skipstrafikk, petroleumsverksemd og etter kvart vindmøller til



havs. Difor er fiskeri- og kystforvaltinga aktive i areal- og verneplanprosessar som har med havet og kystsona å gjere.

## Klima og klimaendringar

Internasjonalt kan temperaturendringane gjere at fordelinga av viktige fiskebestandar i soner endrar seg. Overvaking av hav- og kystområda blir enda viktigare slik at styresmaktene kan tilpasse forvaltninga til dei endringane som skjer. For beredskapsutstyr og maritim infrastruktur, inkludert oppdrettsanlegg, vil endringar i havnivå og auka påkjenning frå vær og vind stille nye krav til dimensjonering, oppgradering og vedlikehald.

Det er usikkert kor raskt og korleis klimaendringane vil vise seg i havområda våre. Det er særleg vanskeleg å modellere kortvarige ekstremperiodar som mellom anna kan ha innverknad på sikkerheit og beredskap. Men det er venta at redusert isdekk, høgre temperaturar, meir ekstremvêr og forskyving mot nord i utbreiinga av artar kan skje på forholdsvis kort sikt.

# Kystforvaltninga

**Hovudtyngda av den norske befolkninga bur ved eller nær kysten, og her finst også størstedelen av industrien og næringsslivet. Sjøtransport er viktig i det norske transportsystemet, og hamnene er bindeleddet mellom sjø og land.**

Fiskeri- og kystdepartementet arbeider for at sjøtransporten i Noreg skal vere sikker og konkurransedyktig med effektive hamner, trygge farleier, velutbygd navigasjonsinfrastruktur og god oljevernberedskap.

Drift av maritim infrastruktur og tenester, beredskap mot akutt forureining og hamnesikring er viktige i Fiskeri- og kystdepartementet sitt arbeid for ein sikker, miljøvennleg og effektiv sjøtransport. Departementet er og aktivt med i det internasjonale arbeidet for å styrke sjøtransportsikkerheita til sjøs, bl.a. gjennom FNs sjøfartsorganisasjon IMO, EU og den internasjonale fyrvesenorganisasjonen IALA.

Fiskeri- og havbruksnæringa er ei av dei viktigaste eksportnaeringane i Noreg, og næringa har mykje å seie for lokalsamfunna langs kysten. Gode fiskerihamner er viktige for auka verdiskaping, og departementet vidarefører innsatsen for å gjere desse hamnene endå betre.

Lostenesta og fyr- og merketenesta har også lange tradisjonar her i landet. Den første forordninga om losplikt er frå 1561, og i 1655 vart det første kjende fyrlyset tent på Lindesnes. Fiskeri- og kystdepartementet har ytt bistand til etatsmuseet for Kystverket slik at det vart etablert i 2008. Museet er organisert som eit nettverk, med hovudsete nettopp på staden der fyrmusea starta.

I dag har skipa mange kjelder til navigasjonshjelp. Elektroniske navigasjonssystem er viktige hjelpemiddel for navigatøren saman med sjøkart og fysisk oppmerking. Det amerikanske satellittnavigasjonssystemet GPS er det mest brukte av dei elektroniske navigasjonssys-

- **Lostenesta omfattar om lag 450 fagpersonar, blant dei 270 losar som syter for at skip får tilstrekkeleg lokalkunnskap.**
- **Fyr- og merketenesta omfattar rundt 20 000 installasjonar og anlegg, mellom anna 105 fyrtasjonar.**
- **Det finst om lag 5000 innretningar som sender lyssignal, omkring 13 500 faste merke, 1 800 flytande merke, om lag 80 lysbøyer, 12 dGPS-stasjonar, meir enn 100 flomlys og i overkant av 70 radarsvararar.**
- **Kystverket driv trafikkcentralar i Horten for Oslofjorden, i Brevik for Grenlandsområdet, på Kvitsøy for Rogaland og på Fedje for Sture- og Mongstad-området. Frå trafikkcentralen i Vardø blir trafikken frå Rørvik til grensa mot Russland overvaka, likeeins havområda ved Svalbard. I tillegg overvakar Vardø VTS risikotrafikk langs heile norskekysten.**

tema. Kystverket har etablert eit system for forbeting av GPS-signala, dGPS. Noreg driv òg fire Loran C-stasjonar. Loran C er eit bakkebasert elektronisk navigasjonssystem. Internasjonalt blir vidareutvikling av Loran C diskutert som støtte for satellittnavigasjonssystem.

Målet med alle desse tiltaka er eit høgt sjøsikkerheitsnivå og ein god oljevernberedskap.

Kystverket overvaker skipstrafikken frå fem trafikkcentralar. Eit viktig verktøy i overvakinga er system som automatisk identifiserer og sporar skip, AIS. I 2009 vil òg Long Range Identifikation and Tracking (LRIT),

eit satellittbasert system for identifikasjon og sporing av fartøy, bli implementert. LRIT er ein del av eit større konsept for overvaking basert på utvikling og integrering av elektroniske hjelpemiddel. LRIT-systemet skal integrerast med skipsrapporteringssystemet SafeSea-Net og med AIS.

### Sjøtransport og oljevernberedskap

Opp mot halvparten av det innanlandske godstransportarbeidet går sjøvegen. Meir enn 80 prosent av dei importerte og dei eksporterte varene blir også frakta sjøvegen.

Fiskeri- og kystdepartementet arbeider difor med å etablere transportkorridorer, med effektive knutepunkt mellom transportformene. Dei skal binde saman ulike delar av landet, og kople det innanlandske systemet saman med det internasjonale transportnettverket.

Kyst-Noreg er viktig for verdiskapinga i landet. Fiskeri- og kystdepartementet arbeider difor for at sjøtransporten skal ha best mogleg vilkår. Dette inneber vidareføring av merking, vedlikehald av farleier og utvikling av moderne navigasjonshjelpemiddel.


Nye og moderniserte transportkorridorer blir etablerte av kommersielle aktørar, og blir utvikla i takt med etterspørselen etter transporttenester. Ansvaret til Fiskeri- og kystdepartementet i desse transportkorridorene er i første rekke å etablere navigasjons- og overvakingssystem, satellitt- eller bakkebaserte, og kontroll med trafikken gjennom det internasjonale meldings- og informasjonssamarbeidet. Tradisjonelle navigasjonshjelpemiddel blir på dette området avløyste av elektroniske system.

Nordområda og Arktis er viktige strategiske områda for denne politikkutviklinga, og feltet blir drive fram gjennom internasjonalt samarbeid regionalt og globalt.

Auka aktivitet i nordområda skaper nye utfordringar i arbeidet med sjøsikkerheit og beredskap, og departementet har sett i gang fleire tiltak. I tillegg til etablering

av navigasjons- og overvakingssystem er det oppretta seglingsleier utanfor territorialfarvatnet frå Vardø til Røst. Systemet separerer trafikken og gir styresmaktene betre høve til å gi assistanse til fartøy, og slik kunne hindre ulukker som kan føre til alvorleg forureining.

Fiskeri- og kystdepartementet, ved Kystverket, har ansvaret for drift og utvikling av staten sin beredskap mot akutt forureining og for staten sin aksjonsorganisasjon. Kystverket skal ta over aksjonar heilt eller delvis der som den private eller kommunale beredskapen ikkje strekk til. Kystverket har utstyr på 16 hovuddepot og ni mellomdepot langs kysten og utstyr om bord i kystvaktfartøy. I tillegg har Kystverket fire fartøy per 2009 som er særskilt eigna til å arbeide nær land og i strandsona.





# Med heile verda som marknad

**Norsk sjømat blir eksportert til meir enn 150 land. God marknadstilgang, marknadsføring og mattryggleik er avgjerande for fiskeri- og havbruksnæringa.**

## Marknadstilgang

Noreg er den nest største eksportøren av sjømat i verda. Verdien av den norske sjømateksporren i 2009 utgjorde 45 milliardar kroner. Fiskeri- og kystdepartementet arbeider for å auke verdiskapninga.

Norsk sjømat konkurrerer i ein global marknad, og norske styresmakter arbeider for å sikre at norske produkt har best mogleg marknadstilgang internasjonalt. EØS-avtalen regulerer tilgangen til den store EU-mark-

naden, men også bilaterale handelsavtalar og EFTA-samarbeidet har mykje å seie. Det blir lagt stor vekt på arbeidet som går føre seg i Verdas handelsorganisasjon for å sikre ein friare verdshandel.

Eksportutvalet for fisk gjennomfører felles marknadsføring i alle viktige marknader for norsk sjømat og arbeider også for å auke verdiskapinga i sjømatnæringa, mellom anna gjennom ei eiga kvalitetsmerkeordning. Utvalet er organisert som eit statsaksjeselskap og finansierer verksemda si gjennom ei avgift som blir kravd av all eksport av norsk sjømat.

## Mattryggleik, kvalitet og helse

Målet for matforvaltninga er å sikre forbrukarane sjømat som er helsemessig trygg og har god kvalitet. Nærings sin eigenkontroll skal oppfylle krava som blir



stilt, og Mattilsynet skal sjå til at norsk sjømat blir produsert i samsvar med internasjonale krav og plikter. Det er viktig å oppfylle krava for at sjømaten skal ha tillit hos kundar både i og utanfor Noreg.

Fisk har eit høgt innhald av mange sentrale næringsstoff og er ei god kjelde for både protein, langkjeda omega-3-feittsyrer, vitamin D, vitamin B12, selen og jod. Framståande forskingsmiljø kan dokumentere at fisk og sjømat har positive verknader for helsa. Meir kunnskap om helseverknadene av sjømat er viktig for å kunne gi forbrukarane råd om rett kosthald.

Styresmaktene legg også vekt på å sikre kvaliteten på produkta gjennom heile verdikjeda, frå fiskebåten eller oppdrettanlegget og heilt fram til forbrukaren. Det er viktig å støtte næringa i arbeidet med å dokumentere kvalitetar, både for å hente ut meirverdi og for å gi forbrukarane høve til å velje produkt knytte til næringsinnhald, opphav, berekraft, økologi og produksjonsmetode.



# Forsking og nyskaping

**Noreg er ein framståande havnasjon og sjømatprodusent, og har difor eit særskilt ansvar for å gi og skape ny kunnskap om havområda våre. Den veksten og utviklinga vi som kystnasjon har opplevt, ville ikkje vore mogleg utan forsking.**

Hausting av marine ressursar er avhengig av at økosistema fungerer saman. Det trengst store kunnskapar om havmiljøet for å kunne drive ei ansvarleg forvalting, og i regi av Fiskeri- og kystdepartementet blir det utført ei omfattande forsking og overvaking av dei marine økosistema. Denne kunnskapsproduksjonen, som det først og fremst er Havforskingsinstituttet som står for, er generelt viktig for miljøspørsmål som gjeld havområda våre. Forskings- og leigefartøya er årleg på havet mellom 2500 og 3000 døgn til saman.

Forskinga som er knytt til forvaltning og produksjon av sjømat «frå hav og fjord til bord», omfattar både grunnforsking og næringsretta forsking i tillegg til kommersialiseringstiltak. Forskingsløyvingar går til forsking om ressursar, økosystemet, havbruk og sjømattrøyggleik, helse og kvalitet. Kunnskapen er grunnlag for ei berekraftig hausting frå marine økosystem, og for berekraftig norsk havbruksproduksjon. Han blir forvalta innan akseptable rammer for areal, ressursbruk og miljøoverknader.

Utfordringane framover er knytt til at vi treng meir kunnskap om korleis klimaendringar og forsuring påverkar havet, ressursane i havet og marin næringsverksemd, og kva rolle havet spelar i klimautviklinga. Særleg viktig er det med meir kunnskap for å sikre at vi tek vare på evna havet har til å reproduksere liv.

Forsking som legg til rette for nyskaping i næringa skal medverke til å auke verdien av kvar enkelt fisk. I havbruksnæringa får bioteknologiske metodar og kunnskap stadig meir å seie for avl, diagnostikk, nedkjemping av



sjukdommar og for overvaking og innsikt i miljøpåverkan. Bioteknologi kan gi grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling med bruksområde innan medisin, helse, næringsmiddel, fôr og ingrediensar, kosmetikk og i ulike typar miljøvennlege industri og energiprosessar. Eit område som er særleg interessant er marin bioprospektering. I dei arktiske havområda med ekstreme temperaturar og lysforhold har det utvikla seg organisar med unike eigenskapar som kan danne grunnlag for produkt og prosessar på fleire næringsområde.


Fiskeri- og kystdepartementet finansierer også forsking og utvikling knytt til hamner og infrastruktur for sjøtransport. Kunnskapen skal medverke til eit betre grunnlag for å ta avgjerder som gjeld tilrettelegging for sjøtransporten og bidra til å utvikle teknologi, organisering og andre rammevilkår.



## Næringsutvikling

Kompetanse og kunnskap om korleis ressursane i havet kan forvaltast er sjølve fundamentet for marin verdiskaping. Denne verdiskapinga betyr mykje for utviklinga i mange kystsamfunn, særleg i nord der dei marine næringane er så viktige for busetjing og sysselsetjing.

Det er viktig at mest mogleg av verdiskapinga skjer i Noreg og i lokalsamfunn som er særleg avhengige av fiskeri og havbruk. Fiskeri- og havbruksnæringa møter mange krevjande utfordringar på ein hard, internasjonal konkurransemarknad. Dette pregar både næringa og dei fiskeriavhengige lokalsamfunna. Fiskeri- og kystdepartementet har utforma eigne program for utvikling av marin sektor generelt og for nyetablering og innovasjon i næringssvake lokalsamfunn spesielt. Innovasjon Noreg set desse programma ut i livet.



# Etatar og institusjonar knytte til departementet

**Fiskeridirektoratet** er rådgivande og utøvande organ for Fiskeri- og kystdepartementet om korleis fiskeri- og havbruksnæringa bør forvaltast, og kontrollerer at lover og reglar blir følgde. Arbeidet er hovudsakleg delt inn i tre område: havresssursforvaltning, havbruksforvaltning og bruk av hav og kystsone. Hovudkontoret til Fiskeridirektoratet ligg i Bergen, men mange av forvaltnings- og kontrolloppgåvene blir utførde i dei sju regionane med hovudsete i Vadsø, Tromsø, Bodø, Trondheim, Ålesund, Måløy og Egersund. Etaten har dessutan 22 lokalkontor. Det er cirka 190 tilsette i Bergen, medan rundt 240 arbeider i regionane.

[fiskeridir.no](http://fiskeridir.no)



**Kystverket** er rådgivande og utøvande organ for Fiskeri- og kystdepartementet i hamne- og farvatnsforvaltninga. Kystverket er organisert i fem regionar, kvar med sitt regionkontor, under leiing av Hovudkontoret i Ålesund. Kystverket vart oppretta som resultat av ei samordning av Statens hamnevesen, Fyr- og merkevesenet og Losvesenet. Kystverket og Statens Kartverk samarbeider om utsending av korrekjonssignal for det amerikanske satellittbaserte navigasjonssystemet GPS. Forsvaret sin logistikkorganisasjon driv Loran C-stasjonane på vegne av Fiskeri- og kystdepartementet. Kystverket har ansvaret for den statlege oljevernberedskapen.

[kystverket.no](http://kystverket.no)




**Havforskningsinstituttet** med hovudverksemd i Bergen, er rådgivar for Fiskeri- og kystdepartementet og har sentrale oppgåver i undersøking og overvaking av fiskebestandar og sjøpattedyr, hav- og kystmiljø og i arbeid med havbruk og havbeite. Dei driv forsking på det marine økosystemet, havbruk og verknader av klimasvingingar og menneskeleg påverknad. Instituttet har nær kontakt med havforskaran i andre land. Mykje av det internasjonale samarbeidet føregår gjennom Det internasjonale råd for hav- forsking (ICES). Havforskningsinstituttet blir hovudsakleg finansiert direkte over Fiskeri- og kystdepartementet sitt budsjett.

[imr.no](http://imr.no)



**Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning** (NIFES) i Bergen er eit forvaltningsretta forskningsinstitutt knytt til Fiskeri- og kystdepartementet. Instituttet gir råd til styresmaktene og forvaltninga basert på forsking på fiskeernæring, sunn og trygg sjømat. Forskningsaktiviteten dekkjer ernæring til fisk og korleis inntak av fisk og sjømat verkar på helsa vår.

[nifes.no](http://nifes.no)





**Mattilsynet**, med hovudkontor i Oslo, er ein felles etat under Landbruks- og matdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Mattilsynet har ansvar for å føre tilsyn med at sjømaten er trygg og har god kvalitet. Mattilsynet har 8 regionkontor og 54 distriktskontor over heile landet. Seksjon for fisk og sjømat ligg i Bergen.

[mattilsynet.no](http://mattilsynet.no)

**Garantikassa for fiskarar** i Trondheim administrerer sosiale ordningar for fiskarar.

[gff.no](http://gff.no)

**Nofima** er eit matfagleg forskingskonsern som driv forsking og utvikling for havbruksnæringa, fiskerinæringa og matindustrien.

[nofima.no](http://nofima.no)

**Eksportutvalet for fisk AS (EFF)** i Tromsø har ansvar for felles marknadsføringstiltak for fisk og fiskeprodukt i utlandet og innanlands. Eksportutvalet har utsendingar i viktige marknader.

[seafoodfromnorway.com](http://seafoodfromnorway.com)

**Fiskeri- og havbruksnærings forskningsfond (FHF)** er sett til å finansiere næringsretta forsking og utvikling (FoU) på vegne av fiskeri- og havbruksnæringa. Ut frå næringas behov og prioriteringar tek FHF initiativ til å opprette, finansiere og følge opp forskningsprogram og FoU-prosjekt. FHF legg vekt på at kunnskapen frå prosjekta kjem heile næringa til nytte.

[fhf.no](http://fhf.no)

**Noregs forskingsråd** i Oslo forvaltar ein stor del av fiskeriforskningsmidlane etter retningslinjer frå Fiskeri- og kystdepartementet.

[forskningsradet.no](http://forskningsradet.no)

**Veterinærinstituttet** er eit leiande institutt for Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet innanfor dyrehelse og mattryggleik i samband med landbruksbasert matproduksjon og helse hos akvatiske organismar.

[vetinst.no](http://vetinst.no)

**Innovasjon Noreg** er ein sentral reiskap i arbeidet med marin innovasjon og verdiskaping. Organisasjonen administrerer mellom anna økonomiske verkemiddel i høve til flåte, havbruk og fiskeindustri etter overordna retningslinjer gitt av Fiskeri- og kystdepartementet.

[innovasjonnorge.no](http://innovasjonnorge.no)





Fiskeri- og kystdepartementet

Grubbegata 1  
Postboks 8118 Dep.  
NO-0032 Oslo

Tlf 22 24 90 90  
Faks 22 24 95 85

[postmottak@fkd.dep.no](mailto:postmottak@fkd.dep.no)  
[www.regjeringa.no/fkd](http://www.regjeringa.no/fkd)

L-0540 N

Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar av denne publikasjonen frå  
Departementenes servicesenter:  
[publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)